

Høyringsnotat

Politiavdelinga
August 2018

Høyringsnotat endring av våpenforskrifta (gjennomføring av EU sitt reviderte våpendirektiv)

1. Innleiing og bakgrunn

Med dette sendast på høyring eit framlegg til endringar i forskrift 25. juni 2009 nr. 904 om skytevåpen, våpendelar og ammunisjon mv. (våpenforskrifta). EU fastsette den 17. mai 2017 endringsdirektiv (EU) 2017/853 om kontroll med erverv og innehav av skytevåpen (endringsdirektivet). Endringsdirektivet gjer endringar i direktiv 91/477/EØF, og er Schengen-relevant. Endringsdirektivet utvidar verkeområdet til å også omfatte mellom anna våpensamlarar og deaktiverte skytevåpen. Vidare vert det i endringsdirektivet innført fleire føresegnar som skal styrke våpenkontrollen, mellom anna strengare reglar for erverv av skytevåpen med stor magasinkapasitet og strengare reglar for kontroll med våpendelar. Stortinget samtykka til å slutte seg til endringsdirektivet den 8. mars 2018, jf. Prop. 166 S (2016-2017) Samtykke til godtaking av direktiv 2017/853 om kontroll med erverv og innehav av våpen (vidareutvikling av Schengen-regelverket) og Innst. 145 S (2017-2018).

Endringsdirektivet er implementert i framlegget til ny våpenlov Prop. 165 L (2016-2017) Lov om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon (våpenlova), som vart vedteke av Stortinget 15. mars 2018, jf. Innst. 146L (2017-2018). Ny våpenlov vil ikkje kunne tre i kraft før etter fastsetting av ny våpenforskrift. Dette er eit omfattande arbeid, og det vil difor ta tid før lova ikraftsetjast. Fristen for å implementere hovuddelen av direktiv (EU) 2017/853 er sett til 14. september 2018, medan nokre av føresegnene kan iverksetjast på eit seinare tidspunkt. Dei føresegnene som skal tre i kraft 14. september 2018 vil verte gjennomført i gjeldande våpenforskrift ved at dei aktuelle heimelsgrunnlaga i den nye våpenlova vert sett i kraft frå same tidspunkt.

I punkt 2 i høyringsnotatet omtalast dei føresegnar i endringsdirektivet som krev endringar med verknad frå 14. september 2018, samt einskilde andre endringar som departementet finn naudsynte for å kunne gjennomføre endringsdirektivet.

I punkt 3 omtalast dei økonomiske og administrative følgjene av endringsframlegga, medan det i punkt 4 gjevast eit samla oversyn over framlegga til forskriftsendringar.

2. Nærare om direktivet og forslag til endringar i våpenforskrifta som følgje av direktivet

Nedanfor følgjer ein omtale av dei føresegner i endringsdirektivet som krev endringar i gjeldande våpenlovgeving, samt framlegg til endringar i våpenforskrifta som skal gjennomføre endringsdirektivet. Hovudinnhaldet i endringsdirektivet er også omtala i Prop. 165 L (2016-2017) Lov om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon (ny våpenlov) og Prop. 166 S (2016-2017) Samtykke til godtaking av direktiv (EU) 2017/853 om kontroll med erverv og innehav av våpen (vidareutvikling av Schengen-regelverket).

2.1. Forbod mot halvautomatiske rifler og våpenmagasin med stor patronkapasitet

Endringsdirektivet

I EU sitt reviderte våpendirektiv er skytevåpen og ammunisjon klassifisert i kategori A til C ut i frå våpenet sitt skadepotensiale. I vedlegg I til endringsdirektivet er det lagt til fire nye våpenkategoriar, som skal reknast som skytevåpen i kategori A, jf. vedlegg I punkt II. Dei endringane som har betydning for norsk rett er gjort i vedlegg I punkt II nummer 7 a og b. Etter bokstav a reknast halvautomatiske *korte* skytevåpen, som enten har innebygd eit magasin med patronkapasitet på over 20, eller der eit magasin med patronkapasitet på meir enn 20 er satt i våpenet, som skytevåpen i kategori A. Kva som reknast for korte skytevåpen er nærare definert i vedlegg I punkt IV bokstav a, og omfattar skytevåpen med kortare pipelengde enn 30 cm eller skytevåpen med kortare totallengde enn 60 cm.

Etter bokstav b reknast halvautomatiske *lange* skytevåpen, som enten har innebygd magasin med patronkapasitet på over 10, eller der eit magasin med patronkapasitet på meir enn 10 er satt i våpenet, som skytevåpen i kategori A. Kva som reknast for lange skytevåpen er nærare definert i punkt 8, og vil i praksis omfatte halvautomatiske hagler eller rifler med magasinlading.

Sidan definisjonen av kva halvautomatiske lange skytevåpen som reknast i kategori A er knytt til magasinkapasiteten, vil skytevåpen som er konstruert for lause magasin ikkje vere rekna som skytevåpen i kategori A, så lenge det berre brukast lause magasin med patronkapasitet på inntil 10 for rifler/hagler og 20 for pistolar.

Etter artikkel 6 er skytevåpen, vitale våpendelar og ammunisjon i kategori A forbode, men med unntaksreglar for dei tilfelle som nemnt i artikkel 6 nummer 2 til 6. I artikkel 6 nr. 2, 3, 4 og 5 er det gjeve unntaksreglar for erverv av skytevåpen og våpendelar i kategori A for å kunne verne om tryggleiken til kritisk infrastruktur, kommersiell sjøfart, verdefulle konvoiar, sårbare bygningar, til nasjonalt forsvar, til utdannings-, kulturelle-, forskings-, og historiske føremål, samt til våpensamlarar, våpenhandlarar, våpenmeklarar og museum. Kven som reknast som museum, våpensamlar, våpenhandlar og våpenmeklar er nærare definert i artikkel 1 nummer 7, 8, 9 og 10

I artikkel 6 nummer 6 er det gjeve ein særskilt unntaksreglar for erverv av halvautomatiske skytevåpen som er gjort om frå heil- til halvautomatisk funksjon eller som har magasinkapasitet på meir enn 10 for rifler/hagler eller meir enn 20 for pistol.

Etter artikkel 6 nummer 6 bokstav a, b og c er det sett vilkår at den som kan gjevast løyve etter artikkel 6 nummer 6 må oppfylle krava til personlege eigenskapar etter artikkel 5 nummer 2, samt at vedkomande må dokumentere aktivt medlemskap i minst

12 månader i godkjent skyttarforeining. Eit erverv etter denne føresegna kan berre omfatte våpentypar som er godkjent til bruk i internasjonale skytekonkurransar. Slik departementet forstår denne presiseringa er det sett krav om at den godkjente sportsskytteforeininga sitt tekniske reglement må samsvare med dei krav som vert stilt for deltaking i internasjonale skytekonkurransar.

I artikkel 6 nummer 6 siste avsnitt er det gjeve ein særskilt unnataksreglar for erverv av skytevåpen i kategori A punkt 6 for medlemsstatar som dei siste 50 år har praktisert ei ordning med at vernepliktige i eigenskap av å vere sportsskyttarar kan behalde eit tenestevåpen som vart bruka i militærtjenesta etter fullført militærtjeneste

Etter artikkel 6 nummer 7 skal løyve som gjevast i medhald av artikkel 6 kontrollerast seinast kvart femte år. Dette kravet til kontroll skil seg frå det tilsvarande kravet i artikkel 7 nummer 4, ved at det er sett særskilte vilkår for når medlemsstatane kan gjere unnatak frå forbodet mot våpentypar i artikkel 6 nummer 1. Slik departementet forstår denne regelen vil det difor gjelde eit krav om at medlemsstatane må etablere ordningar med kontroll av om løyvehavar oppfyller dei særskilte krav til erverv som følgjer av artikkel 6 nummer 2 til 6.

Artikkel 10 nr. 1 andre avsnitt set krav til løyve etter artikkel 6 eller artikkel 7 nr. 4a for å kunne erverve våpenmagasin for *halvautomatiske skytevåpen* med større patronkapasitet enn 10 for hagler/rifler og 20 for pistol. Samstundes set artikkel 5 nr. 3 krav om tilbakekall av våpenløyve for skytevåpen i kategori A eller B for personar som utan særskilt løyve har våpenmagasin med patronkapasitet på over 10 for rifler eller hagler, eller patronkapasitet på over 20 for pistol for skytevåpen som enten har halvautomatisk eller manuell omlading.

Gjeldande rett

Gjeldande våpenlov set ikkje forbod mot særskilte våpentypar. I våpenlova § 6a er det gjeve ein forskriftsheimel til å fastsette forbod mot å importere, omsette eller å eige nærare bestemte våpen og ammunisjon. Denne forskriftsheimelen til å gje forbod omfattar såleis ikkje våpendelar.

Etter våpenforskrifta (forskrift 25. juni 2009 nummer 904 om skytevåpen, våpendeler og ammunisjon mv.) § 5 er det forbode å eige eller inneha skytevåpen som vanlegvis brukast som krigsvåpen, heilautomatiske skytevåpen og skytevåpen som er kamuflert som ein annan gjenstand. Vidare så er det i våpenforskrifta § 2 sett krav til total- og pipelengde på nærare bestemte skytevåpen. I våpenforskrifta § 7 er det gjeve eit generelt forbod mot halvautomatiske skytevåpen, som ikkje er godkjent i forskrift fastsett av Politidirektoratet. Politidirektoratet kan berre godkjenne halvautomatiske skytevåpen, som ikkje enkelt kan gjerast om til heilautomatisk funksjon.

Politidirektoratet er også gjeve mynde til å forskriftsfeste forbod mot andre våpentypar som står fram med særskilt farlege eigenskapar eller som ikkje har noko aktverdige bruksområde, jf. våpenforskrifta § 6.

I forskrift 9. september 2011 nummer 930 om forbudte skytevåpen og godkjente halvautomatiske skytevåpen er det gjeve nærare reglar om kva våpentypar som er tillatne. Etter §§ 4, 5, 6 og § 7 i denne forskrifta kan det berre godkjennast halvautomatiske rifler som frå fabrikk er produsert for å berre kunne gje halvautomatisk eld og som oppfyller krava til minste total- og pipelengde. For halvautomatiske hagler og pistolar er det gjeve ei generell godkjenning av våpentypar

som oppfyller nærare bestemte kriteria etter § 2 og § 3, utan at det er sett krav til at våpentypen frå fabrikk er produsert til å berre kunne gje halvautomatisk eld.

I våpenforskrifta er det gjeve fleire unntak frå forboda mot nærare bestemte våpentypar. Etter våpenforskrifta § 16 fjerde ledd kan Politidirektoratet gje våpensamlarar, som over ei lengre periode har drifta sin eksisterande samling på ein tilfredsstillande måte, løyve til å erverve skytevåpen som er innafor vedkomande sitt godkjente samleområde og som enten er «spesielt sjeldent eller har en særlig historisk verdi».

Etter våpenforskrifta § 21 kan politiet på nærare bestemte vilkår gje løyve til erverv og innehav av alle typar skytevåpen og ammunisjon for museumsføremål. Ein føresetnad for slikt løyve er at organisasjonen har ein våpenansvarleg som oppfyller dei personlege eigenskapane for våpenløyve og at politiet set krav til oppbevaring av dei løyvepliktige gjenstandane.

I våpenforskrifta § 23a er det gjeve ein fritaksheimel for politiet til å kunne gje mellombels løyve til erverv av nærare bestemte våpentypar som er omfatta av forboda etter våpenforskrifta § 5, 6 og 7 til vern for norskregistrerte ISPS-skip mot terrorhandlingar og piratverksemd, som nemnt i skipssikkerhetsloven (lov 16. februar 2007 nr. 9 om skipssikkerhet) kapittel 6.

Til sist er Politidirektoratet i våpenforskrifta § 54 gjeve mynde til å kunne gje fritak frå forboda mot å innføre skytevåpen eller ammunisjon som nemnt i §§ 5 til 8 om omsynet til offentleg tryggleik eller orden ikkje er til hinder for det. Denne fritaksheimelen har vore praktisert som ein generell fritaksheimel for erverv og innehav av skytevåpen og ammunisjon, jf. Politidirektoratet sitt rundskriv RPOD 2009-9 punkt 3.6.3. Etter nemnte rundskriv er fritaksheimelen mellom anna aktuell for å kunne gje ammunisjonsprodusentar løyve til mellombels erverv av heilautomatiske skytevåpen i samband med utvikling av ny ammunisjon.

I gjeldande våpenlov og forskrift er det ikkje gjeve reglar om erverv og innehav av våpenmagasin.

Departementet sine merknader og framlegg til endringsforskrift

Gjeldande våpenforskrift set strengare krav til kva våpentypar som skal vere lovlege enn det som følgjer av endringsdirektivet. Departementet meiner at det, utanom for erverv av lause våpenmagasin, ikkje trengst gjerast endringar i reglane om kva våpentypar som skal vere tillatne. Det synast også til at Stortinget den 15. mars 2018 har fastsett ny våpenlov, som set forbod mot dei våpenkonstruksjonar som har størst skadepotensiale.

Når det gjeld forbodet mot halvautomatiske skytevåpen med større magasinkapasitet enn 10 for rifler og hagler og 20 for pistol, vil dette forbodet omfatte både dei skytevåpen med fast magasin med ulovleg stor magasinkapasitet, og skytevåpen som er laga for bruk av lause magasin, når eit våpenmagasin med ulovleg stor magasinkapasitet er satt i våpenet. I gjeldande våpenregelverk er det, utanom for hagler, ikkje gjeve reglar om lovleg magasinkapasitet for halvautomatiske skytevåpen. For å kunne gjennomføre direktivet må det difor gjevast reglar om kven som kan erverve lause våpenmagasin med patronkapasitet på meir enn 10 for rifler og 20 for pistol, sjå framlegg til ny føresegn i våpenforskrifta § 7 a i punkt 4.

Sidan lause våpenmagasin ikkje er ein integrert del av eit skytevåpen, vil dei reknast som våpendelar. I og med at gjeldande våpenlov ikkje har nokon klar heimel for å kunne

forskriftsfeste forbod mot våpendelar vil eit forbod mot våpenmagasin krevje ei ikraftsetjing av forskriftsheimelen i ny våpenlov § 6 tredje ledd.

For å regulere omsetnaden med slike våpenmagasin føreslår departementet å innføre krav til særskilt løyve for å kunne erverve og inneha våpenmagasin med patronkapasitet større enn 10 for rifler eller hagler og over 20 for pistol, slik at regelverket gjennomfører forbodet i endringsdirektivet artikkel 6 og 10. Det understreka framlegget om krav til løyve ikkje betyr at våpenmagasin med stor patronkapasitet vert registreringspliktige våpendelar. Eit løyve til å erverve og inneha våpenmagasin vil såleis gjelde generelt for erverv av våpenmagasin, utan at løyvehavar treng søke særskilt for erverv av kvart våpenmagasin.

Departementet meiner at gjeldande unnataksheimlar for erverv av nærare bestemte skytevåpen som gjeld for skipsreiarar, museum og våpensamlarar oppfyller dei krav til ervervsgrunnlag og tryggleiksvurdering som følgjer av artikkel 6 nummer 3 og 5, og at dei tilsvarende unnataksreglar kan gjelde for erverv av våpenmagasin med stor patronkapasitet. Dei unnataka som følgjer av artikkel 6 nummer 2 gjev medlemsstatane ein høvesvis vid skjønnsmargin for å kunne gjere unnatak frå forboda mot nærare bestemte skytevåpen, og at den omfattar alle de føremål som det kan vere aktuelt å gje fritak for etter unntaksregelen i våpenforskrifta § 54. Departementet meiner difor at denne unnataksreglen også kan vidareførast for erverv av våpenmagasin med stor patronkapasitet.

Sidan det framleis vil vere tillate å erverve og ha våpenmagasin med stor patronkapasitet til sportsskyting, vil det vere behov for at våpenhandlarar kan innføre og omsette slike våpenmagasin. Departementet tilrår difor at det gjevast ein unnataksreglar for personar som har løyve til å kunne drive handel med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til å kunne drive profesjonell handel og tilverking med våpenmagasin med stor patronkapasitet, sjå framlegg til ny føresegn i våpenforskrifta § 7 a siste ledd i punkt 4.

For å styrke kontrollen med omsetnaden av våpenmagasin med stor patronkapasitet tilrår departementet at det innførast eit krav til rapportering av omsetnaden med slike våpenmagasin, lik den som gjeld for sal av ammunisjon (ammunisjonsprotokoll). Ein slik rapporteringsplikt vil gje politiet høve til å føre kontroll med at løyvehavar berre omset våpenmagasin med stor patronkapasitet til personar som har løyve. Sjø framlegg til endring av våpenforskrifta § 41 i punkt 4.

Departementet meiner vidare at kravet til kva sportsskyttarar som skal kunne erverve og ha våpenmagasin med stor patronkapasitet krev endringar i gjeldande våpenforskrift. For å gjennomføre endringsdirektivet må det i tillegg innførast krav til at løyvehavar har vore aktiv medlem i den godkjente skyttarorganisasjonen i minst eitt år. Så langt departementet kjenner til, har dei skyttarorganisasjonar som er godkjent for å drive rifleskyting med våpen som har stor magasinkapasitet allereie innført eit krav til aktivitet over minst to år for å kunne erverve rifler med stor eldkraft. For å kunne erverve pistol eller revolver er det i våpenforskrifta § 13 sett krav til at søkar har vore aktivt medlem i godkjent skyttarorganisasjon i minst seks månader.

Departementet meiner det ikkje er grunn til å fråvike den praksis som har vore etablert for erverv av rifler med stor eldkraft. Departementet føreslår at det forskriftsfestast eit krav til at søkar må ha vore aktivt medlem i godkjent skyttarorganisasjon i minst to år for å kunne få løyve til å erverve våpenmagasin med større patronkapasitet enn 10 til rifler. Når det gjeld erverv av våpenmagasin til pistol med patronkapasitet større enn

20, føreslår departementet at det innførast eit krav om aktivt medlemskap i minst eitt år, som vil vere i samsvar med det minimumskravet som følgjer av endringsdirektivet artikkel 6 nummer 6 bokstav a, sjå framlegg til ny føresegn i våpenforskrifta § 7 a i punkt 4.

Departementet føreslår vidare å presisere at det berre kan gjevast løyve til å erverve våpenmagasin med stor patronkapasitet til personar som driv ein form for sportsskyting, som er anerkjent av eit internasjonalt godkjent skyttarorganisasjon, slik at regleverket gjennomfører dette kravet i EU sitt endringsdirektiv.

Etter endringsdirektivet artikkel 7 nummer 4a har medlemsstatane høve til å vidareføre gjeldande tillatingar til å kunne inneha skytevåpen med stor patronkapasitet. Departementet forstår denne overgangsregelen slik at den også omfattar våpenmagasin som er erverva før ikraftsetjing av endringsdirektivet, og ser ikkje grunn til å fastsette strengare nasjonale reglar enn det som følgjer av endringsdirektivet. Det vert difor føreslått overgangsreglar om at dei som har erverva våpenmagasin med stor patronkapasitet før ikraftsetjing av endringsforskrifta, kan behalde desse utan særskilt løyve.

2.2. Merking, registrering og krav til løyve for erverv og innehav av våpendelar

2.2.1 Merking av skytevåpen

Endringsdirektivet

Etter endringsdirektivet artikkel 4 nr. 1 skal skytevåpen og vital våpendel som tilverkast i Unionen eller innførast til Unionen frå 14. september 2018, og som marknadsførast, vere merka i samsvar med direktivet. Merkinga skal omfatte namnet på produsenten eller varemerket, produksjonslandet eller produksjonsstaden, serienummeret og produksjonsåret, om dette ikkje er ein del av serienummeret. Når ein vital del er for liten til å kunne merkast i samsvar med ovannemnte krav, skal den som minimum merkast med eit serienummer eller ein alfanumerisk eller digital kode, jf. artikkel 4 nummer 1. Dei nærare krav til merking skal fastsettast i ei særskilt gjennomføringsforordning, jf. artikkel 4 nr. 2. Omgrepet vital våpendel (essential component) har ein vidare tyding enn definisjonen av våpendelar i våpenlova § 2 (piper og låskasser). Med vital meinast: pipe, låskasse, rammestykke, (både over- og underdel), sleide, sylinder (tønne til revolver), samt sluttstykke eller låseblokk til skytevåpen, jf. artikkel 1 nr. 2.

Vidare er det sett krav til at medlemsstatane sine nasjonale våpenregister skal innehalde opplysingar om skytevåpen og vesentlige våpendelar, som desse har eit anna serienummer enn det våpenet som våpendelen skal brukast i, jf. artikkel 4 nr. 4. Sidan det i artikkel 4 nr. 1 er presisert at dei nye reglane om merking og registrering skal gjelde frå 14. september 2018, set endringsdirektivet ikkje krav til etterregistrering av allereie omsette våpendelar.

Gjeldande rett

Etter våpenforskrifta § 93 skal den som tilverkar skytevåpen «merke skytevåpen og våpendelar med eit unikt merke med navn på produsent, produksjonsland eller produksjonssted og produksjonsår viss ikke dette er en del av serienummeret». Den som varig innfører løyvepliktige skytevåpen skal merke skytevåpen og våpendelar med eit unikt merke som angjev importland og importør. Våpendelar er i våpenlova § 2 definert som piper og låskasser til skytevåpen. Kva som reknast for låskasse er nærare

definert i våpenforskrifta § 4a, og omfattar den delen som er festa til pipa for rifler og hagler som ikkje brekkast for lading og tømning, rammestykket for pistolar, revolverar, rifler og hagler som brekkast for lading og tømning, samt underramme for skytevåpen basert på AR-modellen. Etter våpenforskrifta § 93 tredje ledd kan POD fastsette nærare retningslinjer om merking.

Departementet sine merknader og framlegg til endringsforskrift

Etter departementet sitt syn oppfyller våpenforskrifta i hovudsak dei krav som endringsdirektivet set for kva merkinga skal innehalde. Endringsdirektivet skil seg likevel frå våpenforskrifta med at den gjer det valfritt å merke våpenet med enten varemerket eller produsent, medan det etter våpenforskrifta er krav til at merkinga skal omfatte produsenten av skytevåpenet. Denne skilnaden vil kunne innebære at skytevåpen og våpendelar som er merka med varemerket og ikkje produsenten må merkast på ny ved innførsel til Noreg.

Så langt departementet kan sjå, vil ein slik ordning vere unødig tungvint utan å gjere det enklare å identifisere det einskilde skytevåpenet eller våpendelen. Departementet føreslår difor å endre våpenforskrifta, slik at skytevåpenet eller våpendelen kan merkast med varemerket i staden for produsent. Vidare føreslår departementet å presisere at merkinga skal vere permanent.

Endringsdirektivet set vidare krav til merking av fleire våpendelar enn det som følgjer av våpenforskrifta § 93. For å gjennomføre endringsdirektivet må det difor innførast krav til merking av dei våpendelar, som etter endringsdirektivet reknast som vital våpendel (essential component). Dette betyr at føresegnene i våpenforskrifta om merking må endrast slik at dei også set krav til merking av sluttstykke, tønne til revolver, låseblokk til skytevåpen med bryte- eller fallblokkmekanisme og overdelen til skytevåpen med dela låskasse (såkalla «upper»).

Noreg har ein liten våpenproduksjon, og omsetnaden av skytevåpen skjer i all hovudsak gjennom import. Departementet ser det som hensiktsmessig å harmonisere norsk regelverk med dei krav til merking som følgjer av endringsdirektivet, slik at det ikkje vert naudsynt med særskilte krav til merking av skytevåpen eller våpendelar som skal innførast til Noreg. Departementet føreslår difor å forskriftsfeste ein unnataksregel for merking av våpendelar, slik at delar som er for små til å kunne merkast i samsvar med dei ålmenne reglane, kan merkast med eit serienummer eller eit alfanumerisk eller digital kode, sjå framlegg til endring av våpenforskrifta § 93 i punkt 4.

Dei nærare krav til merking skal utfyllast i ei særskilt gjennomføringsforordning, som ikkje enno er fastsett. Departementet ser det difor ikkje som hensiktsmessig å innføre meir detaljerte krav til merking før gjennomføringsforordninga er fastsett.

2.2.2 Krav til løyveplikt for erverv og innehav av våpendelar og krav til registrering av våpendelar i det sentrale våpenregisteret

Endringsdirektivet

Etter endringsdirektivet artikkel 1 nummer 2 skal vital våpendel til skytevåpen reknast i den kategori som det skytevåpenet våpendelen er berekna for. Sidan definisjonen av vital våpendel er endra frå berre å gjelde pipe og låskasse til å omfatte pipe, låskasse (både over- og underdel), rammestykket, sleide, tønne, samt sluttstykke eller låseblokk, vil dei krav til løyve- og registreringsplikt som følgjer av endringsdirektivet artikkel 6, 7 og 8 også omfatte desse våpendelane. Dette betyr at erverv og innehav av vitale

våpendelar i kategori A og B vert løyvepliktige etter artikkel 6 og 7, samt at det vert innført registreringsplikt for erverv og innehav av vitale våpendelar i kategori C.

Vidare er det sett krav til at medlemsstatane sine nasjonale våpenregister skal innehalde opplysingar om skytevåpen og vesentlige våpendelar, om har eit anna serienummer enn det våpenet som våpendelen skal brukast i, jf. artikkel 4 nr. 4. Sidan det i artikkel 4 nr. 1 er presisert at dei nye reglane om merking og registrering skal gjelde frå 14. september 2018, set endringsdirektivet ikkje krav til etterregistrering av allereie omsette våpendelar.

Gjeldande rett

Etter våpenlova § 7 og § 8 må den som skal erverve og inneha skytevåpen og våpendelar ha løyve frå politiet. Våpendelar er i § 2 definert som låskasse og pipe til skytevåpen. Kva som reknast som låskasse er nærare definert i våpenforskrifta § 4a, og omfattar rammestykket for pistolar, revolverar, rifler og hagler som brekkast for lading eller tømning, og den eller dei delar som er festa til pipa for rifler og hagler som ikkje brekkast for lading eller tømning. For skytevåpen, som er basert på AR modellen, og som består av ein over- og underdel, reknast underdelen som låskasse etter våpenlova.

Kongen er etter § 2 andre ledd gjeve mynde til å fastsette reglar om at lova heilt eller delvis skal gjelde for andre våpendelar enn pipe og låskasse. Etter våpenforskrifta § 22 kravst det løyve frå politiet for å kunne erverve og inneha glidestykket til heil- eller halvautomatiske pistolar. Kravet til løyveplikt betyr også at våpendelane vert registrert i det sentrale våpenregisteret i samsvar med dei reglar som er fastsette i medhald av våpenforskrifta § 98.

Departementet sine merknader og framlegg til endringsforskrift

Etter gjeldande våpenforskrift er definisjonen av kva våpendelar som reknast som låskasse og som såleis er løyvepliktige regulert i våpenforskrifta § 4a, medan det i våpenforskrifta § 22 andre ledd er gjeve særskilte reglar om krav til løyve for erverv av glidestykke. For å gjere det enklare å finne fram i regelverket, føreslår departementet å samle alle reglar om løyveplikt for dei våpendelar som ikkje er nemnt i våpenlova § 2 i våpenforskrifta § 4a, sjå framlegg til endring i punkt 4.

For å gjennomføre endringsdirektivet må det innførast reglar og løyve- og registreringsplikt for erverv og innehav av dei våpendelar som er definert som vital våpendel i endringsdirektivet, og som fell utanom definisjonen av løyvepliktig våpendel etter våpenlov og forskrift. Dette vil omfatte tønner for revolverar, sluttstykket for rifler og hagler som ikkje må brekkas for lading eller tømning (hagler og rifler med boltmekanisme eller hel- eller halvautomatisk funksjon), samt for låseblokk til hagler eller rifler, dersom denne våpendelen ikkje inngår i definisjonen av låskasse etter våpenforskrifta § 4a. Etter endringsdirektivet artikkel 1 nummer 2, jf. artikkel 8 er det ikkje krav til løyveplikt for vitale våpendelar til skytevåpen i kategori C.

Eit skilje mellom vitale våpendelar i kategori C og B vil likevel kunne vere vanskeleg å gjennomføre for einskilde våpendelar, sidan skilnaden på kategoriinndelinga til dømes kan vere pipelengde på våpenet, jf. vedlegg II punkt B og C. Dette kan bety at ein våpenmodell som vert levert i ulike pipelengder, etter direktivet kan vere underlagt ulike reglar. Ein slik ordning vil vere krevjande å praktisere. Vidare vil sluttstykke, tønne og lause låseblokkar normalt ikkje vere slitedelar i eit skytevåpen som må bytast ofte. Ei ordning med løyve- og registreringsplikt for slike våpendelar vil såleis truleg ikkje omfatte særleg mange våpendelar. Departementet føreslår difor at det innførast reglar

om løyveplikt for dei våpendelar som etter endringsdirektivet reknast for vital våpendel, sjå framlegg til endring av våpenforskrifta § 4a i punkt 4.

Låseblokka til eit skytevåpen vil normalt vere ein integrert del av enten rammestykket eller pipa til eit skytevåpen og såleis vere omfatta av definisjonen av låskasse etter våpenforskrifta § 4 a. Det kan likevel vere våpenkonstruksjonar der låseblokken er en frittstående våpendel, som enkelt kan skiljast frå eit komplett skytevåpen. For å tryggje gjennomføringa av endringsdirektivet på dette punktet, tilrår difor departementet å innføre løyveplikt for lause (avtagbare) låseblokkar. Omgrepet «avtagbar låseblokk» er meint å omfatte låseblokk som ikkje er skrudd fast i enten rammestykke eller pipa til skytevåpenet.

I endringsdirektivet er det også sett krav om at overdelen til skytevåpen med delt låskasse skal reknast som vital våpendel. Så langt departementet kjenner til, vil dette normalt berre vere aktuelt ved skytevåpen som er basert på AR modellen. Det kan likevel kome til andre våpenkonstruksjonar med delt låskasse som ikkje bygger på AR modellen. For å gjennomføre endringsdirektivet føreslår difor departementet at tilvisinga til AR modellen takast bort og at det innførast løyveplikt for erverv og innehav av både over- og underdel av rifler med delt låskasse, sjå framlegg til endring av våpenforskrifta 4a i punkt 4.

Etter våpenforskrifta § 22 er det ikkje satt særskilte vilkår for når politiet kan gje løyve til å erverve glidestrykke til pistolar. Det følgjer likevel av samanhengen at politiet berre kan gje løyve til personar som oppfyller våpenlova sine krav til alder og personlege eigenskapar og som har behov eller annan rimeleg grunn til å erverve og inneha våpendelen. Dette vil seie at berre personar som enten har våpenløyve til skytevåpen som våpendelen kan brukast i, eller som enten har løyve til å drive næringsverksemd med eller å samle på skytevåpen som våpendelen kan brukast i, kan få løyve til å erverve slike våpendelar. For å presisere desse krava til løyve, føreslår departementet at det vert lagt til ei presisering om at politiet berre kan gje løyve til erverv av slike våpendelar til den som har løyve til å inneha skytevåpen som våpendelen kan brukast i, sjå framlegg til endring av § 4 a i punkt 4.

Departementet føreslår også å legge til ei presisering om at løyvekravet berre gjeld for skytevåpen som er løyvepliktige, samt å presisere at forbodet mot å eige eller inneha våpendelar utan løyve også gjeld for erverv av løyvepliktige våpendelar.

Etter gjeldande regelverk er det ikkje sett krav til merking av tønner til revolver, sluttstykke eller lause låseblokker. Eit eventuelt krav om etterregistrering av slike våpendelar vil difor krevje at dei som innehar våpendelane må merke desse før dei kan registrerast. Departementet syner til at endringsdirektivet ikkje set krav til etterregistrering av det direktivet definerer som vitale våpendelar. Departementet meiner det ikkje ligg føre slike tryggingmessige omsyn som gjer det naudsynt å krevje etterregistrering av vitale våpendelar. Departementet vil difor føreslå at kravet til løyveplikt og registrering av tønner til revolverar, sluttstykke og lause låseblokker ikkje skal gjelde for slike våpendelar som er erverva før ikraftsetjinga av denne endringsforskrifta.

Departementet vil til sist presisere at ovannemnte framlegg til løyveplikt for våpendelar berre vil gjelde for erverv av lause våpendelar, og ikkje våpendelar som inngår som ein del av eit skytevåpen. Dette betyr at ein person som har våpenløyve på eit komplett våpen ikkje treng særskilt løyve for å erverve og inneha dei vitale våpendelar som inngår i skytevåpenet.

2.3. Deaktivering av skytevåpen

2.3.1 Etterkontroll av deaktivering

Endringsdirektivet

Artikkel 10b nr. 1 fastset krav om at deaktiverte skytevåpen skal etterkontrollerast av ein «competent authority», som skal kontrollere at deaktiveringa oppfyller dei tekniske krav som gjeld for den aktuelle våpentypen. I samband med denne kontrollen skal det utferdast dokumentasjon på at våpenet er lovleg deaktivert, samt at våpenet skal merkast. Dei tekniske krav til deaktivering skal fastsettast i ei særskilt gjennomføringsforordning, jf. artikkel 10b nr. 2. Dei nye krava til deaktivering gjeld ikkje for skytevåpen som er lovleg deaktivert etter tidlegare reglar, med mindre skytevåpenet overførast til ein annan medlemsstat eller marknadsførast, jf. artikkel 10b nr. 3.

Gjeldande rett

Etter våpenforskrifta § 1 kan deaktivering «foretas eller etterkontrolleres av godkjent tilvirker, børsemaker eller politiet». Dette betyr at skytevåpen, som enten vert deaktivert eller kontrollert av ein godkjent tilverkar eller børsemaker, ikkje treng kontrollerast av ein offentleg kontrollinstans.

Departementet sine merknader og framlegg til endringsforskrift

For å gjennomføre endringsdirektivet artikkel 10b, må det fastsettast reglar i våpenforskrifta om etterkontroll av skytevåpen som vert deaktivert, samt reglar om merking, registrering og utferding av dokumentasjon for at skytevåpenet er lovleg deaktivert. Etter endringsdirektivet er det sett krav til at etterkontrollen skal utførast av ein «competent authority», og medlemsstatane har såleis ein skjønnsfridom til å fastsette kva organ som skal utføre etterkontrollen.

Sidan det er politiet som har ansvaret for våpenforvaltninga, og som etter gjeldande regelverket har mynde til å kunne etterkontrollere deaktiverte skytevåpen, reknar departementet det som naturleg å legge kontrollmynda til politiet. Denne forskriftsendringa føreset at politiet opprettar ein kontrollinstans for deaktivering, som skal syte for etterkontroll, merking, registrering og utferding av dokumentasjon for at skytevåpenet er lovleg deaktivert.

Dei tekniske krava til deaktivering er i dag fastsett som eit vedlegg til Politidirektoratet sitt våpenrundskriv RPOD 2009-9 punkt 2.3.1. For å kunne oppfylle endringsdirektivet må det i tillegg gjevast reglar om utferding av dokumentasjon og merking av skytevåpen.

Sidan dei nærare krav til korleis deaktiveringa skal gjennomførast, samt krav til merking og dokumentasjon skal regulerast i ein særskilt gjennomføringsforordning, som enno ikkje er fastsett, vil det vere vanskeleg å forskriftsfeste detaljerte krav om dette.

For å gjennomføre endringsdirektivet på dette punktet føreslår difor departementet å forskriftsfeste krav til etterkontroll, merking og attestasjon, og å gje Politidirektoratet mynde til å kunne fastsette nærmare reglar i rundskriv om korleis denne etterkontrollen, merkinga og attestasjonen skal gjennomførast, sjå framlegg til endring av våpenforskrifta § 1 tredje ledd i punkt 4.

Departementet foreslår vidare å innføre eit unnatak frå kravet til etterkontroll for deaktiverte skytevåpen som er etterkontrollert og godkjent av ein utanlandsk kontrollinstans, men slik at Politidirektoratet gjevast mynde til å fastsette reglar om kva kontrollinstansar som er godkjente. Bakgrunnen for dette framlegget er å unngå at skytevåpen som er deaktiverte i samsvar med reglane i endringsdirektivet av eit anna medlemsland, treng ny godkjenning ved innføring til Noreg.

Ein føresetnad for å gjere unnatak frå etterkontrollen må likevel vere at etterkontrollen er gjort av ein instans som oppfyller dei krav som følgjer av endringsdirektivet og gjennomføringsforordningane til endringsdirektivet.

Departementet foreslår vidare å endre kapitteloverskrifta til kapittel 1 i våpenforskrifta, overskrifta til våpenforskrifta § 1 og å ta bort tilvisinga til våpenlova § 1 i våpenforskrifta § 1 tredje ledd, slik at det kjem klart fram at det i våpenforskrifta fastset nærare føresegner om deaktiverte skytevåpen, sjå framlegg til endring av våpenforskrifta § 1 tredje ledd i punkt 4.

Sidan deaktiverte skytevåpen etter gjeldande våpenlov er unnateke frå våpenlova sitt verkeområde, finst det ikkje tal for kor mange slike våpen som er i privat eige. Det er likevel grunn til å tru det er mange deaktiverte skytevåpen. Eit krav om at ny deaktivering med tilhøyrande ettergodkjenning av alle skytevåpen som er deaktiverte etter tidlegare regelverk vil såleis vere særskild ressurskrevjande å gjennomføre.

Departementet meiner at ein slik ressursbruk ikkje står i høve til det skadepotensialet som slike deaktiverte skytevåpen representerer og syner til at det heller ikkje er eit krav etter endringsdirektivet. Departementet foreslår difor at kravet om deaktivering som utgangspunkt ikkje skal gjelde for skytevåpen som er lovleg deaktiverte etter tidlegare reglar. Unnatak vil gjelde for sal eller utførsel av våpen som er deaktiverte forut for dei nye reglane for deaktivering. For å gjennomføre artikkel 10b nr. 3 i endringsdirektivet, foreslår departementet at dei nye krav til deaktivering, medrekna krav til ettergodkjenning, skal gjelde for deaktiverte skytevåpen som enten leggst ut for sal eller som førast ut av norsk tollområde, sjå framlegg til endring av våpenforskrifta § 1 fjerde ledd i punkt 4.

2.2.2 Registreringsplikt for deaktiverte skytevåpen

Endringsdirektivet

Etter våpendirektivet artikkel 8 nr. 1 skal den som har skytevåpen i kategori C, deklarerer innhavet hos myndighetene. Endringsdirektivet sett ikkje krav til løyveplikt for skytevåpen i kategori C, noko som betyr at det er tilstrekkeleg å registrere innhavet hjå politiet. I vedlegg I til endringsdirektivet er skytevåpen som er deaktiverte i samsvar med gjennomføringsforordning 2015/2403 klassifisert som skytevåpen i kategori C. Dette betyr at kravet i våpendirektivet om registreringsplikt også vil gjelde for skytevåpen som er deaktiverte.

Gjeldande rett

Deaktiverte skytevåpen er unnateke frå lova sitt verkeområde, jf. våpenlova § 1 og våpenforskrifta § 1. Etter gjeldande våpenregelverk er det difor ikkje krav til registreringsplikt for deaktiverte skytevåpen.

Departementet sine merknader og framlegg til endringsforskrift

For å oppfylle kravet til registreringsplikt for deaktiverte skytevåpen, må det innførast forskriftsreglar med krav om at den som ervervar eller har skytevåpen som er deaktiverte i samsvar til gjennomføringsforordning 2015/2403 må registrere innehavet hos politiet. I endringsdirektivet er det ikkje sett krav til registreringsplikt for skytevåpen som er deaktiverte i samsvar med tidlegare standardar. Kravet til etterregistrering vil difor berre gjelde for skytevåpen som er deaktiverte i samsvar med dei krav som følgjer av nemnte gjennomføringsforordning, medrekna krav til etterkontroll. Dette betyr at det ikkje vil gjelde noko krav til etterregistrering av skytevåpen som er deaktiverte før ikraftsetjinga av denne endringsforskrifta. Departementet ser heller ikkje grunn til å innføre strengare nasjonale krav til etterregistrering enn det som følgjer av endringsdirektivet, sjå framlegg til ny § 1a i punkt 4.

Sidan deaktiverte skytevåpen etter gjeldande våpenlov er unnateke frå lova sitt verkeområde, føreset denne regelendringa ei delvis ikraftsetjing av § 2 i ny våpenlov. I våpenforskrifta § 78 er det sett særskilte krav til oppbevaring for «registreringspliktige våpen». For å klargjere at krava til oppbevaring ikkje gjeld for skytevåpen som er lovleg deaktiverte, føreslår departementet å fastsette ein særskilt føresegn i våpenforskrifta § 77 om at deaktiverte skytevåpen ikkje er omfatta av krava til oppbevaring i våpenforskrifta kapittel 16, sjå endringsframlegg i punkt 4.

2.2.3 Krav til løyve for inn- og utførsel av deaktiverte skytevåpen

Endringsdirektivet

Artikkel 10b nr. 1 set krav om at medlemsstatane skal ha reglar om etterkontroll av deaktiverte skytevåpen. Kravet til etterkontroll vil etter dette framlegget også gjelde for skytevåpen som er deaktiverte i eit anna land, og som vert innført til Noreg. Artikkel 11 nr. 2 set krav om løyve for utførsel av skytevåpen. Etter endringsdirektivet vert deaktiverte skytevåpen klassifisert som skytevåpen i kategori C. Kravet til løyve utførsel gjeld difor også for denne våpenkategorien.

Gjeldande rett

Etter våpenlova § 23 må den som vil inn- eller utføre skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon ha løyve frå vedkomande departement. Mynda til å fastsette reglar om innførsel er lagt til politiet, medan det for utførsel er delt mellom Utenriksdepartementet (UD) og politiet. UD har ansvaret for ervervsmessig utførsel (eksport) etter lov 18. desember 1987 nummer 93 om kontroll med eksport av strategiske varer, tjenester og teknologi m.v., medan politiet har mynde til å gje løyve for ikkje-ervervsmessig utførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, jf. våpenforskrifta § 66. Etter våpenlova § 1 og våpenforskrifta § 1 tredje ledd, er skytevåpen som er lovleg deaktiverte unnateke frå våpenlova sitt verkeområde. Reglane om inn- og utførsel i våpenlova §§ 23 til 25 og våpenforskrifta kapittel 10 til 15 gjeld difor ikkje for deaktiverte skytevåpen.

Departementet sine merknader og framlegg til endringsforskrift

For å gjennomføre endringsdirektivet må det fastsettast reglar om krav til løyve for inn- og utførsel av deaktiverte skytevåpen, slik at ein tryggjer kontroll med at dei skytevåpen som først inn i landet er deaktiverte på lovleg måte og at ein oppfyller kravet etter endringsdirektivet artikkel 11 nr. 2 om krav til løyve for utførsel av deaktiverte skytevåpen. For å gjennomføre endringsdirektivet føreslår departementet at det gjerast

endringar i dei relevante forskriftsreglane som regulerer inn- og utførsel slik at det kjem klart fram at reglane også gjeld for deaktiverte skytevåpen, samt at det vert sett krav til dokumentasjon for at skytevåpenet er deaktiverte etter dei nye krav til deaktivering som følgjer av endringsframlegget til § 1 tredje ledd, sjå framlegg til endring av våpenforskrifta §§ 55, 56, 64 og § 70 i punkt 4. Denne forskriftsendringa føreset ikraftsetjing av § 2 i ny våpenlov.

3. Økonomiske og administrative følgjer

Framlegget om å innføre krav til registrerings- og løyveplikt for tønner til revolver, låseblokk og sluttstykke vil truleg føre til ein auke i våpenforvaltninga sin saksmengde. Det er likevel grunn til å tru at auken er liten, sidan slike våpendelar har lang levetid. Politiet sine meirkostnader vil kunne dekkast av gebyr for erverv av våpendelar.

Framlegget om å innføre krav til særskilt løyve for erverv og innehav av våpenmagasin med stor patronkapasitet vil føre til meirkostnader for politiet sin våpenforvaltning. Ut i frå det oversynet som ligg føre over talet på medlemmer i skyttarorganisasjonar med skyteprogram som krev bruk av skytevåpen med stor magasinkapasitet, er det grunn til å tru at talet søknader om løyve til å inneha våpenmagasin til sportsskyting vil vere om lag 3-4000. I tillegg vil det kunne vere søknader frå våpensamlarar og andre, utan at det er mogeleg å talfeste kor mange søknader dette vil utgjere.

For å dekke inn politiet sine meirkostnader til denne søknadshandsaminga, føreslår departementet ei endring i forskrift om ikrafttreden av og delegasjon etter lov om skytevåpen og ammunisjon (forskrift 25. januar 1963 nr. 2) punkt 17, slik at det gjerast klart at politiet kan krevje gebyr for handsaming av søknad om erverv og innehav av våpenmagasin med stor patronkapasitet. Når det gjeld storleiken på gebyret, syner departementet til at ein slik søknad berre vil vere aktuell for personar som har våpenløyve frå før, og at det difor bør leggest til grunn det same gebyrbeløp som for erverv av våpendelar, sjå framlegg til endring av forskrift 25. januar 1963 nr. 2 om ikrafttreden av og delegasjon etter lov om skytevåpen og ammunisjon punkt 17 i punkt 4.

Framlegget om å innføre krav til at politiet skal gjennomføre etterkontroll av deaktiverte skytevåpen vil medføre meirkostnader til innkjøp av naudsynt utstyr og gjennomføring av kontroll, merking, registrering og utferding av dokumentasjon. Oppstartskostnaden er berekna til cirka 1 million kroner, som dekkast innafor politiet si gjeldande budsjettramme. Om ein legg til grunn at det godkjennast inntil 2000 skytevåpen med tilhøyrande to årsverk, er dei årlege driftskostnadene berekna til om lag 2 millionar kroner. For å dekke inn politiet sine meirkostnader knytt til sjølve etterkontrollen, føreslår departementet å gjere ei endring i våpenforskrifta § 100, slik at det kjem klart fram at politiet kan krevje dekkast kostnaden med å gjennomføre etterkontroll gjennom gebyr, sjå framlegg til endring av våpenforskrifta § 100 i punkt 4 nedanfor.

Framlegget om å innføre krav til løyve for inn- og utførsel av deaktiverte skytevåpen vil medføre ein auke i saksmengda for politiet sin våpenforvaltning. Sidan det i dag ikkje er krav om slikt løyve er det uråd å seie kor stor auken vert, men kostnadane vil uansett kunne dekkast inn gjennom gebyr.

Også framlegget om å innføre krav til registreringsplikt for deaktiverte skytevåpen vil medføre ein meirkostnad for politiet sin våpenforvaltning. Sidan det ikkje er krav om slik registrering etter gjeldande rett, er det uråd å gje noko nøyaktig tal for kor stor auken vert. Talet på årlege deaktiveringar er berekna til om lag 1100 - 2000 Når ein legg til

grunn at kostnaden med å få deaktivert skytevåpen vil auke ved innføring av kravet til etterkontroll, er det grunn til å tru at talet på framtidige deaktiveringar vert noko lågare. Kostnadane til registrering vil uansett måtte dekkast innafor politiet si budsjettamme.

4. Oversyn over endringsframlegga

Framlegg til endring av forskrift 25. juni 2009 nr. 904 om skytevåpen, våpendeler og ammunisjon (våpenforskrifta)

Kapitteloverskrift 1 lyd slik med endringane:

Kapittel 1. Ikke-kontrollpliktige våpen, *krav til deaktivering av skytevåpen*, typer skytevåpen, skytevåpenets funksjoneringsmetode og måling av skytevåpen

Våpenforskrifta § 1 tredje og fjerde ledd skal lyde:

Et skytevåpen anses å være gjort varig ubrukbart (deaktivert) [...] dersom alle vesentlige deler av våpenet er gjort permanent ubrukelige, og disse ikke kan fjernes, erstattes eller modifiseres på en måte som vil gjøre det mulig å reaktivere våpenet. *Deaktiveringen kan foretas av godkjent tilvirker eller børsemaker og skal etterkontrolleres av politiet. Når etterkontroll er gjennomført og godkjent, skal politiet merke våpenet, utferdige attest for deaktiveringen og registrere våpenet som lovlig deaktivert. Kravet til etterkontroll av deaktiverte skytevåpen etter tredje ledd gjelder ikke for deaktiverte skytevåpen som er kontrollert og godkjent av utenlandsk kontrollinstans i samsvar med regler fastsatt av Politidirektoratet. Politidirektoratet fastsetter nærmere regler for hvilke krav som skal stilles for at våpenet er deaktivert, og for gjennomføring av etterkontroll, merking, attestasjon og registrering av deaktiverte skytevåpen.*

Skytevåpen som før forskriftens ikrafttredelse er lovlig deaktivert etter tidligere krav, skal fortsatt anses som deaktivert etter tredje ledd, med mindre skytevåpenet legges ut for salg eller føres ut av norsk tollområde.

Ny § 1a skal lyde:

§ 1a registreringspliktig for deaktiverte skytevåpen

Den som erverver, eier eller innehar skytevåpen, som er deaktivert i samsvar med reglene i § 1 tredje ledd, må registrere innehavet hos politiet på fastsatt skjema. Kravet til registreringsplikt etter første ledd gjelder ikke for skytevåpen som er lovlig deaktivert etter tidligere krav, med mindre skytevåpenet legges ut for salg eller føres ut av norsk tollområde.

§ 4a skal lyde:

Med låskasse etter våpenloven § 2 første ledd menes rammestykke for pistoler, revolvere, rifler og hagler som brytes for lading og tømning, og den eller de deler som er festet til pipen for rifler og hagler som ikke brytes for lading og tømning. For skytevåpen [...] med delt låskasse som består av overramme (upper receiver) og underramme (lower receiver) regnes både underramme (lower receiver) og overramme (upper receiver) som låskasse etter våpenloven § 2 første ledd. *Det er forbudt uten politiets tillatelse å erverve, eie eller inneha glidestykket (sleiden eller tilsvarende) til hel- og halvautomatiske pistoler, tønne til revolver, avtagbar låseblokk eller sluttstykke til skytevåpen som er underlagt våpenlovens tillatelsessystem. Politiet*

kan bare gi tillatelse etter første punktum til den som har tillatelse til å inneha skytevåpen som våpendelen kan brukes i. Reglene i § 106 andre ledd kommer til anvendelse for overramme, tønne til revolver, avtagbar låseblokk eller slutttykke til skytevåpen som er ervervet før ikraftsettelsen av endringsforskriften.

Ny § 7a skal lyde:

§ 7 a Forbud mot våpenmagasin med stor patronkapasitet

Det er forbudt å erverve, eie eller inneha våpenmagasin til skytevåpen med større patronkapasitet enn 10 for rifler og hagler, samt våpenmagasin med større patronkapasitet enn 20 for pistoler, med mindre unntakene etter andre til femte ledd eller § 106 første ledd kommer til anvendelse.

Politimesteren kan gi personer som oppfyller vilkårene for erverv og innehav av skytevåpen, våpendeler og ammunisjon etter §§ 16 fjerde ledd, 21, 23a eller § 54 tillatelse til å erverve, eie og inneha våpenmagasin med større patronkapasitet enn 10 for rifler eller hagler og våpenmagasin med patronkapasitet større enn 20 for pistol.

Politimesteren kan gi personer, som kan dokumentere ett års aktivt medlemskap i forening tilsluttet godkjent skytterorganisasjon, med godkjent skytterprogram som oppfyller de tekniske krav til deltakelse i internasjonale skytekonkurranser, tillatelse til å erverve, eie og inneha våpenmagasin til pistol med patronkapasitet på mer enn 20 patroner.

Politimesteren kan gi personer som kan dokumentere to års aktivt medlemskap i forening tilsluttet godkjent skytterorganisasjon, med godkjent skytterprogram som oppfyller de tekniske krav til deltakelse i internasjonale skytekonkurranser, tillatelse til å erverve, eie og inneha våpenmagasin til rifle med patronkapasitet på mer enn 10 patroner.

Første til fjerde ledd gjelder ikke for personer som erverver, innehar, innfører, tilvirker eller omsetter våpenmagasin i medhold av bevilling til å drive handel med eller tilvirkning av skytevåpen. Reglene i § 106 første ledd kommer til anvendelse for våpenmagasin som er ervervet før ikraftsettelsen av endringsforskriften.

§ 22 andre ledd opphevast.

§ 41 tredje og fjerde ledd skal lyde:

Den som har bevilling til å drive handel med skytevåpen skal føre en protokoll over omsetningen av løse våpenmagasin med patronkapasitet på mer enn 10 for rifler eller hagler og løse våpenmagasin med patronkapasitet på mer enn 20 for pistol.

Bevillingshaveren skal oppbevare våpenmagasinprotokollen i minst tre år.

Våpenmagasinprotokollen er en fortløpende fortegnelse over salget av løse våpenmagasin med patronkapasitet som nevnt i tredje ledd. Den kan være elektronisk eller papirbasert og skal opplyse om

- a) salgsdato,*
- b) navn på kjøper,*
- c) kjøperens tillatelse etter våpenforskriften § 8a, og*
- d) art og kvantum av løse våpenmagasin som mottas eller leveres.*

§ 55 andre og fjerde ledd skal lyde:

Det kreves tillatelse også for å innføre

- a) apparater for slakting og for rednings- og harpungevær, jf. våpenloven § 5 første ledd bokstav a,
- b) låskasser og piper til våpen som nevnt i bokstav a, jf. våpenloven § 5 første ledd bokstav b, [...]
- c) ammunisjon til våpen som nevnt i bokstav a, jf. våpenloven § 5 første ledd bokstav c, *eller*
- d) *skytevåpen som er deaktiverte etter § 1 tredje ledd.*

Tillatelsen skal være datert og underskrevet av politimesteren og opplyse om

- a) fullt navn og adresse på den som har fått tillatelsen,
- b) type eller art, antall, fabrikkmerke, modellbetegnelse, pipeleengde og totallengde på våpenet, mekanisme (type) og kaliber ved innførsel av skytevåpen eller våpendeler,
- c) kvantum og vekt ved innførsel av ammunisjon, og
- d) leverandørens navn og adresse.

Ved innførsel av deaktiverte skytevåpen skal det fremgå av tillatelsen at de innførte skytevåpnene er deaktivert og etterkontrollert i samsvar med de krav som følger av § 1 tredje ledd.

§ 56 tredje ledd skal lyde:

Ved søknad om innførsel av deaktiverte skytevåpen skal det fremlegges dokumentasjon for at skytevåpnene er deaktiverte i samsvar med de krav som følger av § 1 tredje ledd.

§ 64 andre ledd skal lyde:

Søknad om innførsel av deaktiverte skytevåpen sendes på fastsatt skjema. I søknaden skal det dokumenteres at skytevåpenet er deaktivert i samsvar med de krav som følger av § 1 tredje ledd.

Noverande § 64 andre til fjerde ledd vert tredje til femte ledd.

§ 70 andre ledd skal lyde:

Vedkommende skal ved utreisen avgi en skriftlig erklæring til Tollvesenet på fastsatt skjema i to eksemplarer. *Gjelder utførselen deaktiverte skytevåpen, skal det fremlegges dokumentasjon for at skytevåpenet er deaktivert i samsvar med reglene i § 1 tredje ledd.* Erklæringen attesteres av Tollvesenet som skal beholde det ene eksemplaret og levere det andre tilbake til utstederen.

§ 71 første og andre ledd skal lyde:

Utenlandsk borger som skal oppholde seg i riket i et tidsrom av inntil tre måneder, kan ved innreise medbringe til personlig bruk jaktvåpen og våpen som skal brukes i skytekonkurranser med tilhørende våpendeler og et rimelig kvantum ammunisjon til disse våpen, herunder også våpen mv. som nevnt i § 55 annet ledd, mot å vise Tollvesenet slik våpenlisens som kreves i hans hjemland. Vedkommende skal likevel ha fylt den alder som kreves for å få tillatelse til å inneha slike skytevåpen her i riket. *Kravet til at formålet må gjelde jakt eller skytekonkurranser gjelder likevel ikke dersom skytevåpenet er deaktivert i samsvar med de krav som er fastsatt i § 1 tredje ledd.*

Vedkommende skal ved innreisen avgi en skriftlig erklæring i to eksemplarer.
Erklæringene skal dateres og underskrives og opplyse om

- a) fullt navn og adresse,
- b) hvem som har utstedt våpenlisens og hvilket nummer denne har, *med mindre skytevåpenet er deaktivert og ikke underlagt krav til våpenlisens i hans hjemland,*
- c) alder hvis denne er under 21 år,
- d) skytevåpenenes eller våpendelenes art, kaliber, fabrikkmerke og nummer,
- e) ammunisjonens mengde og art, [...]
- f) hva våpnene skal brukes til i Norge og hvor de skal brukes, og
- g) *dokumentasjon for at skytevåpenet er deaktivert i samsvar med de krav som er fastsatt i § 1 tredje ledd.*

§ 78 andre ledd skal lyde:

Uregistrerte hagler som er lovlig ervervet før 1. oktober 1990 regnes i kapittelet her som registreringspliktige våpen og skytevåpen. *Skytevåpen som er lovlig deaktivert omfattes ikke av reglene om oppbevaring i dette kapittelet.*

§ 93 første og andre ledd skal lyde:

Den som tilvirker skytevåpen, skal merke *pipe, låskasse (både over- og underdel), rammestykket, sleide, tønne, samt sluttstykke eller låseblokk til skytevåpen med et permanent og unikt merke med navn på produsent eller varemerke, produksjonsland eller produksjonssted, serienummer og produksjonsår hvis dette ikke er en del av serienummeret. Dersom våpendelen er for liten til å kunne merkes i samsvar med første punktum, kan våpendelen merkes med et permanent og unikt serienummer eller alfanumerisk eller digital kode.*

Den som permanent innfører skytevåpen skal påse at pipe, låskasse (både over- og underdel), rammestykket, sleide, tønne, samt sluttstykke eller låseblokk til skytevåpen er merket i samsvar med de krav som følger av første ledd. Den som permanent innfører skytevåpen skal i tillegg merke låskassen og pipen til komplette skytevåpen med et permanent og unikt merke som angir importland og importår.

§ 100 skal lyde:

§ 100. *Gebyrer og utgifter ved ombygging, kontroll, destruksjon mv.*

Utgifter ved å få skytevåpen, våpendeler eller ammunisjon tilintetgjort eller deaktivert (gjort ubrukbare), betales av eier eller innehaver. Det samme gjelder utgifter til ombygning av våpen etter pålegg fra politiet, og utgifter til politiets *etterkontroll og merking av skytevåpen som har blitt bygget om eller deaktivert.* Den som ønsker å eie eller inneha skytevåpen eller drive handel med skytevåpen kan bli pålagt helt eller delvis å dekke statens utgifter til kontroll av våpenet eller våpentypen, herunder godkjenning av halvautomatiske våpen til sivilt bruk. Utgifter ved merking av skytevåpen betales av den som tilvirker skytevåpen etter reglene i kapittel 8 og 9, eller den som innfører skytevåpen etter reglene i kapittel 11 og 12.

§ 106 første og andre ledd skal lyde:

Den som på ikrafttredelsestidspunktet har tillatelse til å eie og inneha skytevåpen eller våpendeler som ikke tidligere har vært forbudt, men nå forbys etter § 5, § 6 [...], § 7 eller § 7 a kan fortsatt eie og inneha våpenet eller våpendelen. Tilsvarende gjelder for den som på ikrafttredelsestidspunktet har tillatelse til å eie og inneha skytevåpen som nå reguleres av nye krav etter § 12 til § 18 og § 20. Ved søknad om tillatelse til å erverve og inneha nye skytevåpen etter paragrafene nevnt i annet punktum inngår likevel de der nevnte skytevåpen.

Den som på ikrafttredelsestidspunktet eier overramme, tønne til revolver, avtagbar låseblokk eller sluttstykke til skytevåpen, som krever tillatelse etter § 4a, kan fortsatt eie og inneha de nevnte våpendeler uten tillatelse fra politiet.

Noverande § 106 andre til femte ledd vert tredje til sjette ledd.

Framlegg til endring av forskrift 25. januar 1963 nr. 2 om ikrafttreden av og delegasjon etter lov om skytevåpen og ammunisjon punkt 17 bokstav c Punkt 17 bokstav f og g skal lyde:

f) et kvart rettsgebyr pr. søknad for tillatelse til erverv av våpenmagasin i medhold av forskrift 25.06.2009 nr. 904 § 7b.

g) kr 1000 pr. søknad for søknad om dokumentasjon for at skytevåpenet er deaktivert i medhold av forskrift 25. 06.2009 nr. 904 § 1 tredje ledd jf. 100 .